

Nr.: 06 / 2007 28. juni 2007

Auka mangel på arbeidskraft – utfordring for arbeidsgivarar

Arbeidsløysa held fram med å gå ned også i juni når vi justerer for normale sesongsvingingar. Dette betyr betre og betre sjansar for arbeidssøkarar å få seg arbeid. Vi ser no at det blir vanskelegare for arbeidsgivarar å rekruttere arbeidskraft innan alle yrkesgrupper. Innan nokre yrkesfelt (Ingeniør- og ikt-fag, leiarar, akademiske yrke og helse, pleie og omsorg) opplever vi faktisk at det er over 10 gonger fleire utlyste stillingar enn kva det er tilgang av arbeidssøkarar enkelte månader. Dette understrekar kor viktig det er å arbeide for eit meir inkluderande arbeidsliv for å halde på dei arbeidstakarane ein har, og gjere seg interessante for nye i ein vanskeleg rekrutteringsmarknad, seier assisterande fylkesdirektør Rolf M. Lossius.

Ved utgangen av juni var det 1778 personar heilt utan arbeid i Møre og Romsdal. Dette utgjer 1,4 prosent av arbeidsstyrken og er ein nedgang på 34,6 prosent samanlikna med same periode i fjor, og ei auke på 5,8 prosent i høve til sist månad. I juni deltok 370 personar på ulike ordinære arbeidsmarknadstiltak, noko som gir ei brutto arbeidsløysa på 2.148 personar.

I landet er det 44.273 heilt ledige. Dette utgjer 1,8 prosent av arbeidsstyrken og er ein nedgang på 28,9 prosent samanlikna med same periode i fjor, og ei auke på 4,5 prosent i høve til sist månad.

Mindre auke i arbeidsløysa enn normalt

At arbeidsløysa i fylket gjekk noko opp i juni er normalt i høve til denne månaden. Mange personar som går på skule, er tilsett i skulesektoren eller som deltek på ulike arbeidsmarknadstiltak avsluttar dette til sommaren, og ein del av desse melder seg som arbeidssøkarar. Blant personar som er 19 år eller yngre auka behaldning heilt ledige med 80 prosent i høve til mai. Blant personar med undervisning som yrkesbakgrunn gjekk arbeidsløysa opp 35 prosent, og den auka 24 prosent for personar innan barne- og ungdomsarbeid (m.a. skoleassistentar). Og det var nær 50 prosent færre personar i ordinære arbeidsmarknadstiltak ved utgangen av juni i høve til mai. Justert for slike sesongsvingingar hadde vi ein nedgang i arbeidsløysa på heile 4,1 prosent frå mai til juni.

Mangel på arbeidskraft

Situasjonen har lenge vore at det blir utlyst fleire stillingar i fylket enn kva vi har av tilstrøyming av nye arbeidssøkarar. I juni var det 450 nye arbeidssøkarar som melde seg ved NAV, medan det var utlyst 1850 stillingar. Sjølv om dette ikkje seier alt om kor stram arbeidsmarknaden er, er det saman med behaldninga av ledige og utlyste stillingar, ein viktig peikepinn. Behaldninga ved utgangen av juni er om lag 1200 stillingar. No er det stort sett stramt innan alle yrkesfelt, men vi ser at det spesielt innan ingeniør- og ikt-fag kan vere problematisk for arbeidsgivarar å rekruttere arbeidskraft. Eit av yrkesfelta det blei utlyst flest stillingar i juni, var innan helse, pleie og omsorg, med 214 stillingar, samstundes blei det berre meldt 30 nye arbeidssøkarar innan dette yrkesfeltet. Andre yrkesfelt det er eit stort gap mellom tilgang og behaldning av arbeidssøkarar og tilgang og behaldning av stillingar, er leiarar, akademiske yrke og ein del serviceyrke.

Vi ventar at denne utviklinga vil vare ei god stund til, noko som blir støtta av bedriftsundersøkinga som blei publisert no i mai. Det blir derfor i framtida svært viktig for alle aktørar i næringslivet å arbeide for eit inkluderande arbeidsliv. Mangelen på arbeidskraft gjer at det no er viktigare enn nokon gong å arbeide for å redusere sjukefråvær og å få arbeidstakarar til å stå lengst mogleg i arbeidslivet.

NAV MØRE OG ROMSDAL

Postadresse: Serviceboks 14 Årøsdalen // 6405 Molde

Besøksadresse: Verftsgata 5 // 6405 Molde
Tlf: 70320900 // Faks: 70320901

www.nav.no

For nærare opplysningar kontakt assisterende fylkesdirektør Rolf M Lossius - tlf. 95997403 eller rådgiver Arne Eltvik – tlf. 70320918.

Neste frigjeving av statistikk om arbeidsmarknaden: 2. august 2007.
Ved publikasjon av tal frå denne pressemeldinga skal NAV Møre og Romsdal gjevast opp som kjelde.

Tabellar:**Talet på heilt ledige –
juni 2007**

Fylke	Menn	Kvinner	Sum	I prosent av arbeidsstyrken	Endring siste mnd	Endring siste år
01 Østfold	1183	1229	2412	1,8 %	119	-1253
02 Akershus	1820	1863	3683	1,3 %	-52	-1692
03 Oslo	4065	3468	7533	2,5 %	252	-2734
04 Hedmark	846	902	1748	1,9 %	32	-606
05 Oppland	532	591	1123	1,2 %	-47	-498
06 Buskerud	1162	1230	2392	1,7 %	85	-781
07 Vestfold	1018	1097	2115	1,9 %	54	-753
08 Telemark	852	848	1700	2,0 %	138	-534
09 Aust-Agder	404	504	908	1,7 %	57	-357
10 Vest-Agder	694	791	1485	1,8 %	188	-664
11 Rogaland	1197	1353	2550	1,2 %	167	-1333
12 Hordaland	2116	2110	4226	1,8 %	343	-1955
14 Sogn og Fjordane	329	374	703	1,3 %	-3	-194
15 Møre og Romsdal	877	901	1778	1,4 %	97	-939
16 Sør-Trøndelag	1535	1631	3166	2,2 %	226	-1061
17 Nord-Trøndelag	601	661	1262	2,0 %	51	-353
18 Nordland	1467	1253	2720	2,3 %	152	-1105
19 Troms	947	711	1658	2,1 %	69	-746
20 Finnmark	705	394	1099	2,9 %	-17	-436
Riket	22350	21911	44273	1,8 %	1911	-17994

**Talet på heilt ledige –
juni 2007**

Kommune	Menn	Kvinner	Sum	I prosent av arbeidsstyrken	Endring siste mnd	Endring siste år
1502 Molde	60	72	132	1,0 %	-6	-97
1503 Kristiansund	110	92	202	2,3 %	12	-81
1504 Ålesund	199	186	385	1,8 %	7	-172
1511 Vanylven	13	14	27	1,5 %	4	-15
1514 Sande	8	7	15	1,2 %	1	-2
1515 Herøy	36	37	73	1,7 %	5	-37
1516 Ulstein	16	36	52	1,5 %	10	-19
1517 Hareid	31	40	71	3,1 %	5	-11
1519 Volda	28	32	60	1,5 %	3	-29
1520 Ørsta	36	37	73	1,4 %	16	-58
1523 Ørskog	7	4	11	1,0 %	2	-1
1524 Norddal	1	4	5	0,5 %	-1	0
1525 Stranda	2	4	6	0,2 %	-1	-17
1526 Stordal	2	1	3	0,6 %	-3	-3
1528 Sykkylven	20	9	29	0,7 %	4	-18
1529 Skodje	9	18	27	1,4 %	2	-26
1531 Sula	22	30	52	1,3 %	-1	-30
1532 Giske	22	16	38	1,1 %	7	-25
1534 Haram	13	38	51	1,1 %	4	-15
1535 Vestnes	15	14	29	0,9 %	-4	-19
1539 Rauma	26	21	47	1,3 %	2	-31
1543 Nesset	10	7	17	1,1 %	2	-15
1545 Midsund	8	3	11	1,2 %	5	-4
1546 Sandøy	1	1	2	0,3 %	0	-4
1547 Aukra	9	4	13	0,8 %	3	-1
1548 Fræna	30	27	57	1,2 %	10	-30
1551 Eide	9	14	23	1,4 %	2	-8
1554 Averøy	26	27	53	2,0 %	13	-12
1556 Frei	26	21	47	1,7 %	4	-34
1557 Gjemnes	6	7	13	0,9 %	0	-16
1560 Tingvoll	6	11	17	1,2 %	3	-8
1563 Sunndal	23	21	44	1,2 %	9	-30
1566 Surnadal	13	18	31	1,1 %	-4	-27
1567 Rindal	2	4	6	0,6 %	-5	-8
1571 Halså	5	5	10	1,2 %	-5	-2
1573 Smøla	10	4	14	1,3 %	-1	-12
1576 Aure	14	15	29	1,7 %	-1	-15
Justering*	3		3		-6	-7
Sum	877	901	1778	1,4 %	97	-939

* Personar busett i kommunar i Møre og Romsdal men som er registrert ved NAV arbeid lokal i andre fylker.

NAV arbeid - distrikt

NAV Molde arbeid	170	159	329	1,1 %	16	-208
NAV Ørsta arbeid	64	68	132	1,4 %	16	-91
NAV Ulstein arbeid	103	134	237	1,8 %	21	-78
NAV Ålesund arbeid	298	311	609	1,3 %	18	-318
NAV Sunndal arbeid	57	66	123	1,1 %	1	-81
NAV Kristiansund arb.	185	163	348	1,9 %	25	-163
Møre og Romsdal	877	901	1778	1,4 %	97	-939